




Møre og Romsdal
fylkeskommune

Stranda vidaregåande skule

Årsmelding skoleåret 2024–25



Innholdsliste

1. Rektor har ordet	2
2. Nøkkelopplysningar om skolen	4
2.1 Organisasjonen	4
2.2 Utdanningsprogram og elevtal	5
2.3 Føresetnader – grunnskolepoeng vg1	6
3. Læringsmiljø	8
3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga	8
3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet	9
3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad	9
4. Skoleårsresultat	11
4.1 Fullført og bestått – skoleårsgjennomføring	11
4.2 Karaktersnitt	13
4.3 Fråvær	14
4.4 Elevar som har slutta	14
4.5 Overgangar	15
5. Leiing og profesjonsutvikling	17

1. Rektor har ordet

Stranda vidaregåande skule var 50 år i 2024. Skulen er ein distriktsskule, og grunnlaget for utbygging av det vidaregåande skuleverket i 70-åra var den politiske målsettinga om ein desentralisert skulestruktur og lovfesta rett til treårig vidaregåande opplæring. Det vart tillagt stor verdi at elevane kunne velje eit skulealternativ nær heimen. Skulereforma frå oppstartsåret 1974 vart avløyst av den modellen vidaregåande opplæring i dag byggjer på, Reform -94. Stranda vgs har gjennom eit halvt hundre år hatt ei målsetting om å gi ungdomen i distriktet eit godt utdanningstilbod. Skulen har i framtida målsetting om fortsett vere ein god lærestad for elevane som søker skulen.

Stranda vidaregåande skule tilbyr skuleåret 2024/2025 fire av utdanningsprogramma i Kunnskapsløftet, idrettsfag, studiespesialisering, naturbruk og helse- og oppvekstfag. Skulen har som mål å vere det opplagte førstevalet for ungdomane på indre Sunnmøre. Ei bredde i utdanningstilbodet og kvalitet på opplæringa er to sentrale føresetnader for at elevane i regionen både ønskjer og har høve til å velje nærskulen sin. Skulen hadde 121 elevar skuleåret 2024/2025, og 26 godt kvalifiserte tilsette med eit sterkt engasjement for skulen og elevane.

Vi har dei siste åra hatt fokus på å skape eit trygt og inkluderande læringsmiljø gjennom gode lærer-elev relasjonar og gode elev-elevrelasjonar. Målet for utviklingsarbeidet på skulen er at elevane skal lære meir, der fagleg læring og sosial læring går hand i hand, og der elevane medverkar i eiga læring og eigne læringsprosessar. Vi er ein skule der elevane får tett oppfølging frå kontaktlærarar, og dei og rådgjevar arbeider aktivt med å gi elevane våre karriererettleiing gjennom rådgjeving og vegleiing, og oppfølging gjennom karriereverktøyet WIE. Alle faglærarar arbeider kontinuerleg med god vurderingspraksis og undervegs vurdering for læring. I skuleåret 2024/2025 har vi jobba godt med Kompetanseløftet for inkluderande praksis og tilpassa opplæring og lokal forankring av dette.

Dei yrkesfaglege utdanningsprogramma vi tilbyr er Vg1 Helse- og oppvekstfag og Vg2 Helsearbeidarfag, Vg1 Naturbruk og Vg2 Akvakultur. Søkjartal til desse tilboda var i 2024/2025 gode. Gjennom eit nært og godt samarbeid med lokalt næringsliv og kommunane i regionen har elevane på Vg1 og Vg2 i dei yrkesfaglege studieprogramma våre mykje relevant opplæring ute i ulike bedrifter, og mange av dei får ein lærekontrakt i lokale lærebedrifter.

Dei studieførebuande utdanningsprogramma vi tilbyr er Idrettsfag og Studiespesialisering. Søkinga til desse to tilboda har jamt over vore gode. Vi har eit breitt programfagstilbod innafor realfag, språk og samfunnsfag på studiespesialisering, og eit breitt tilbod innafor toppidrett, breiddeidrett og friluftsliv på idrettsfag. Vi har eit godt samarbeid med Vestborg vidaregåande skule og det er gangavstand mellom skulane. Vi samarbeider innafor språkfaga, tysk og spansk og programfag på studiespesialisering.

Dette gjer at elevane våre har eit breitt utval av fag å velje mellom, og at vi har tilbod om alle realfaga.

Skulen vår ligg i eit distrikt med mykje internasjonalt reiseliv og eksport retta næringsliv. Vi gir elevane på alle utdanningsprogram moglegheiter til å utvikle relevant språkleg og kulturell kompetanse gjennom faga på skulen og gjennom ulike internasjonaliserings prosjekter. I skuleåret 2024/2025 fekk vi eiga akkreditering gjennom EU og er ein Erasmus+ skule. Vi har internasjonaliserings prosjekter med Nederland, Spania, Sverige, Frankrike og Island internasjonalisering på planen for studiespesialisering og idrettsfag. Dei siste 10 åra i form av eit samarbeid med ein skule i Nederland og ein skule i Spania. Dette er eit utvekslingsprogram der vi besøker dei, og dei kjem hit på besøk for å oppleve vinteren med skimoglegheiter og verdsarvfjorden og verdsarvsenteret i Geiranger.

2. Nøkkelopplysningar om skolen

2.1 Organisasjonen

Tal på årsverk pedagogisk tilsette	20,7
Tal på årsverk i leiarstillingar	2,4
Tal på årsverk andre tilsette	2,8

Skulen har tre tilsette i leiinga, og personalansvaret og det faglege ansvaret for pedagogisk personale og andre tilsette er fordelt mellom leiinga. Skulen har ei merkantil ressurs fordelt på to personar, ein driftsansvarleg i ei delstilling og ein IT konsulent i ei delstilling. I det pedagogiske personalet er det 9 lektorar, 10 adjunktar og 2 faglærarar. Skulen har ein barne- og ungdomsarbeidar og ein kantinetilsett. Kjønnssfordelinga i personalet er 11 menn (41%) og 16 kvinner (59 %).

2.2 Utdanningsprogram og elevtal

Utdanningsprogram	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Idrettsfag	6	23	15	46
Studiespesialisering	12	11	15	38
Naturbruk	14	11		25
Helse og oppvekstfag	14	0		14
Total	46	46	31	121

Tal på elever med vedtak om særskilt språkopplæring	12
---	----

Elevtalet på skulen har lege stabilt på mellom 120–130 elever dei siste åra. Det totale elevtalet gjekk litt ned i skuleåret 2024/2025, då søkinga til idrettsfag var dårlegare enn forventa. Talet elever med minoritetsbakgrunn har auka dei siste åra

2.3 Føresetnader – grunnskolepoeng vg1

2.3.1 Fordeling grunnskolepoengintervall vg1, prosent

Poengsum	2023-24	2024-25	Fylket 2024-25
0 eller ingen	8,5%	19,6%	9,3%
0 - 25	0,0%	8,7%	3,0%
25 - 30	6,8%	0,0%	5,5%
30 - 35	6,8%	17,4%	11,5%
35 - 40	22,0%	15,2%	17,2%
40 - 45	18,6%	19,6%	21,7%
45 - 50	22,0%	8,7%	18,2%
Over 50	15,3%	10,9%	13,5%

2.3.2 Grunnskolepoeng vg1 – utvikling over tid

	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25
Stranda vidaregåande skule	42,7	44,2	42,9	42,0	39,5
Fylket	42,2	42,2	42,5	41,3	41,1

2.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Figuren syner grunnskolepoeng ved inntak til Vg1 på Stranda vgs dei siste 5 åra, samanlikna med gjennomsnittleg inntakspoeng til Vg1 i Fylket. Tala for Stranda vgs har lege noko over snittet, men tala ligg under snittet for Fylket i 2024/2025. Forklaringa på dette er at dei minoritetsspråklege elevane som ikkje har gått i norsk grunnskule utgjer ein større prosentdel av søkjarane. Talet for dei med 0 eller ingen grunnskulepoeng på Stranda vgs ligg på 19,6 % i 2024/2025.

Føresetnadane for desse elevane til å få eit godt læringsutbyte i vidaregåande skule er lågare enn for dei som har fullført norsk grunnskule. Resultata for desse elevane vil naturleg nok ligge lågare og ha betydning for fullføringa.

3. Læringsmiljø

[Sjå resultat frå Elevundersøkinga her.](#)

3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga

Elevundersøkinga blei gjennomført hausten 2024 i veke 50. Skulen fekk eit resultat om lag som året før, med ein liten framgang på dei fleste av indikatorane.

Elevane ved Stranda vgs gir uttrykk for stor grad av trivsel på skulen, og denne indikatoren gjekk opp i skuleåret 2024/2025. Elevane våre opplever god støtte frå lærarane sine og god støtte frå heimen. Indikatoren for dei faglege utfordringar elevane møter og den læringskulturen vi har på skulen viser høg grad av tilfredse elevar, og dei opplever eit læringsmiljø der indikatoren for felles reglar viser høg score. Elevane opplever ei høvesvis høg grad av meistring og ein høg grad av motivasjon.

Elevane si oppleving av tilrettelegging for elevdemokrati og i kva grad dei har medverknad har utvikla seg positivt dei siste åra. Dette gjeld både medverknad gjennom elevrådet og i dialogen med lærarane om retningslinjer for eit godt læringsmiljø i klassane og på skulen, for arbeidsmetodar i faga og vurdering for læring. Indeksane for elevdemokrati og medverknad, og vurdering for læring har gått litt opp i skuleåret 2024/2025, og vi vil fortsette å arbeide for elevdemokrati og elevmedverknad i læring og læringsprosessar og vurderingsprosessar blir betre.

Eit av prosjekta vi arbeider med i samanheng med dette er elevstyrte utviklingssamtalar og elevstyrte fagsamtalar. Skulen legg og til rette for opplæring av medlemmane i elevrådet og i elevrådsstyret i godt samarbeid med fylkeskommunen sitt elev- og lærlingombod.

3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet

	Tal
Tal på aktivitetsplanar etter § 12-4 i opplæringslova	1
Tal på aktivitetsplanar etter § 12-5 i opplæringslova	0
Tal på enkeltvedtak etter § 12-7 i opplæringslova	0

I elevundersøkinga syner indikatorane for trivsel, læringsmiljø og læringskultur høg score. Vi opplev frå tid til anna elevar som opplev at dei ikkje har eit trygt og godt læringsmiljø. Skuleåret 2024/2025 hadde vi ei sak knyta til nokre få elevar i ei klasse, der vi utarbeidde aktivitetsplanar på systemnivå etter § 12-4 i opplæringslova. Kontaktlærarane er tett på elevane som gjer at dei tar tak i eventuelle sakar på eit tidleg tidspunkt. Kontaktlærarane, skuleleiinga og PPT gjer eit godt arbeid både på individnivå og systemnivå i samarbeid med elevane og foreldra når slika sakar oppstår.

Dei aller fleste elevane trivst godt på skulen. Skulen har ein eigen plan for arbeidet med å fremje eit trygt og godt læringsmiljø, og elevane har medverknad i utarbeiding av retningslinjer for eit godt læringsmiljø. Som metodikk for å fremje eit inkluderande og godt læringsmiljø brukar vi læringspartnar og læringsgrupper i kvar klasse. Særskilt sårbare elevar blir følgt opp individuelt av kontaktlærar i samarbeid med ressursteam, PPT og helsesjokepleiar.

3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad

	Tal
Møter i Elevråd (inkl. møter i elevrådsstyret)	8
Møter i skoleutval	2
Møter i skolemiljøutval (om skolen framleis har skolemiljøutval)	4

Skulemiljøfokus er sentralt i opplæringa og involveringa av elevrådet. Både elevrådet og skulemiljøutval får informasjon om læringsmiljøet og skulemiljøet gjennom undervisningsevalueringa og elevundersøkinga. Dei blir og invitert til å bidra med vurdering og framlegg til handlingsplan med tiltak for læringsmiljøet. Alle elevar på skulen får informasjon om , og moglegheit til å svare på desse undersøkingane , og svarprosenten er høg. Når det gjeld avgangsmarkering har avgangselevane, leiinga ved skulen, politiet Stranda/Sykkylven og helsesjukepleiar eit godt samarbeid og jamlege møter.

I skuleutvikling har vi arbeidd kontinuerleg dei siste åra med vurderingspraksis og vurdering for læring, og kompetanseløftet for inkluderande praksis og tilpassa opplæring. Skuleåret 2024/2025 fortsett vi eit prosjekt der målet er å få elevane til å medverke og involvere seg meir i eiga faglege og sosiale læring og læringsprosessar, og vurdering og vurderingsprosessar. Elevane skal delta aktivt i planlegginga av undervisning, der dei blir kjende med kva dei skal lære og korleis dei skal lære. Elevane skal delta aktivt i planlegginga av vurderingssituasjonar der dei er kjende med kva som blir vurdert og korleis det blir vurdert. Knyta til dette utviklingsprosjektet har vi laga malar for elevstyrte utviklingssamtaler og elevstyrte fagsamtaler, der elevane må delta aktivt i planlegging og gjennomføring av utviklingssamtaler og fagsamtaler.

4. Skoleårsresultat

4.1 Fullført og bestått – skoleårsgjennomføring

4.1.1 Fullført og bestått, prosent

Fullført og bestått skoleåret 2024-25, prosent	87,6%
--	-------

4.1.2 Fullført og bestått fordelt på trinn og utdanningsprogram, prosent

Utdanningsprogram:	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Studiespesialisering	58,3%	100,0%	73,3%	76,3%
Idrettsfag	83,3%	87,0%	100,0%	90,9%
Naturbruk	92,9%	90,9%		92,0%
Helse og oppvekstfag	100,0%			100,0%
Total				87,6%

4.1.3 Fullført og bestått siste fem år, prosent

	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25
Stranda vidaregåande	92,9%	89,7%	95,9%	91,5%	88,4%
Fylket	92,7%	91,5%	91,0%	90,8%	87,6%

4.1.4 Skolen sine kommentarar og analyse

Skulen har ei målsetting om ei gjennomføring på minst 90 % på alle utdanningsprogram. I 2024/2025 hadde elevane ei gjennomføring på 88,4%, dette er litt lågare enn vår eiga målsetting. Vi har fleire minoritets språklege elevar enn tidlegare år. Dette kan vær ei årsak til lågare gjennomføring 2024/2025. Skulen har gode rutinar, tett oppfølging og god

praksis med å følgje opp dei elevane som ikkje består fag i fyrste omgang, og som treng litt meir tid for å fullføre vidaregåande skule.

4.2 Karaktersnitt

4.2.1 Karaktersnitt fordelt på utdanningsprogram

Utdanningsprogram	Karaktersnitt
Studiespesialisering	4,06
Idrettsfag	4,27
Naturbruk	3,58
Helse og oppvekstfag	4,37

4.2.2 Karaktersnitt siste fem år

	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25
Stranda vidaregåande skole	4,15	4,16	4,27	4,14	4,08
Fylket	4,26	4,24	4,21	4,20	4,19

4.2.3 Skolen sine kommentarar og analyse

På skulen er det idrettsfag som har det høgaste karaktersnittet skuleåret 2024/2025. Det gjennomsnittlege karaktersnittet har årlege variasjonar som ligg litt over og litt undersnittet for fylket, og har gått litt ned skuleåret 2024/2025. Noko av forklaringa her kan og være fleire minoritetsspråklege elevar som på grunn av utfordringar med det norske språket presterer litt dårlegare på vidaregåande enn dei som har fullført norsk grunnskule.

4.3 Fråvær

4.3.1 Fråvær, gjennomsnittleg dagar og timar. Totalfråvær i prosent per trinn

	Fråvær, dagar	Fråvær, timar	Totalfråvær, prosent
Totalt	7,9	20,9	6,4%
Vg1	5,9	18,9	5,1%
Vg2	9,2	22,2	7,2%
Vg3	9,0	21,8	7,2%
Vg4			

4.3.2 Totalfråvær siste fem år, prosent

	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25
Stranda vidaregåande skole	3,7%	3,6%	5,0%	5,3%	6,4%
Fylket	2,4%	2,7%	6,5%	6,9%	7,7%

4.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Tabellen viser at det gjennomsnittlege totalfråværet har stege noko dei siste åra, men at fråværet på Stranda vgs skuleåret 2024/2025 ligg noko under snittet for fylket. Fråværet er lågare på Vg1 enn på Vg2 og Vg3. Noko av forklaringa på dette kan være fråvær knyta til køyreopplæring. Ei anna årsak til at fråværet både på fylkesnivå og på Stranda vgs aukar kan vere at elevane har ein lågare terskel for å vere heime etter korona pandemien. Gjennomføringa er fortsett høg på skulen, og det er få elevar som sluttar.

4.4 Elevar som har slutta

4.4.1 Elevar som slutta skoleåret 2024-25

Prosent	Tal
---------	-----

0,8%	1
------	---

4.4.2 Elevar som har slutta siste fem år, prosent

	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25
Stranda vidaregåande skole	2,4%	1,7%	1,0%	1,5%	0,8%
Fylket	2,2%	3,1%	3,1%	3,1%	3,0%

4.4.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Det er få elevar på Stranda vgs som sluttar, skuleåret 2024/2025 var det ein elev, og vi ligg godt under snittet i Fylket. Dette kan ha samanheng med god trivsel, godt læringsmiljø og tett oppfølging frå kontaktlærarane og godt samarbeid med heimen.

4.5 Overgangar

Vi legg til rette for eit godt samarbeid og med ungdomskulane i inntaksområdet for å gjere overgangen til vidaregåande så trygg og forut seieleg som mogleg. Gjennom god dialog med leiinga og rådgjevarar på ungdomsskulane og informasjon om vidaregåande opplæring og dei moglegheiter og krav som stillast gjer vi overgangen for elevane enklare. Dei elevane som er søkt inn med tilleggsskjema invitere vi saman med føresette til møte på skulen på våren medan dei går i 10.klasse.

Elevane våre har tett oppfølging frå kontaktlærarar når det gjeld deira faglege og sosiale utvikling og læring. Både kontaktlærar og rådgjevar er tett på i oppfølging av karriererettleiing for alle elevane på alle trinn. I dette arbeidet brukar vi eige utarbeida opplegg for utviklingssamtalar og den digitale løysinga karriereverktøy.no som grunnlag for samtalar mellom kontaktlærar, eleven og heimen. Målet med dette arbeidet er å auke elevane si meistring og motivasjon for læring, og for å legge til rette for gode val av vidare utdanning og yrke.

Gjennom eit nært samarbeid med lokalt næringsliv og ulike bedrifter har yrkesfagselevane mykje relevant praksis i opplæringa, ein dag i veka på Vg1 og to dagar i veka på Vg2. Dette er eit godt grunnlag for val av programområde på Vg2 og eit godt grunnlag for val av lærebedrift etter Vg2. Faglærarar og kontaktlærarar lukkast særst godt med å rettleie og formidle elevane vidare til opplæring i bedrift som lærlingar.

5. Leiing og profesjonsutvikling

Ut frå oppdragsavtala vår med Møre og Romsdal Fylkeskommune og kompetanse-
sjefen har vi utarbeidd ein handlings- og tiltaksplan for skuleutvikling og
profesjonsutvikling. Den viktigaste kompetanseutviklinga skjer i skulekvardagen gjennom
praksis, og deling av kunnskapar og ferdigheiter. Vi arbeider kontinuerleg for å utvikle
profesjonsfellesskapet på skulen gjennom forskingsbasert kunnskap. Dette inneber å leie
delta og reflekter over lærande prosessar som tek utgangspunkt i forskning og eigen
erfaring. Målet er å utvikle kompetansen til alle tilsette på ein slik måte at det kjem
elevane si faglege og sosiale utvikling til gode.

I dette arbeidet med skuleutvikling la vi vekt på 4 satsingsområde skuleåret
2024/2025. Dette er knytt til elevmedverknad og aktiv deltaking som fremmer god fagleg
og sosial læring. Målet er at elevane skal medverke og involvere seg meir i planlegging
og gjennomføring av læringsprosessar og vurderingsprosessar. Vi har utarbeidd ein
eigen mal for elevstyrte utviklingssamtalar som elevane og kontaktlærarane har hatt
gode erfaringar med å bruke. Det andre satsingsområdet er eit trygt og godt læringsmiljø
og tydeleg klasseleiing gjennom å skape gode relasjonar mellom lærar og elev og gode
relasjonar mellom elevane. Det tredje satsingsområde for skuleutvikling er elevane og
lærarane si digitale kompetanse og utvikling. Der har vi jobba aktivt med bruk av skulen si
læringsplattform Teams og KI læring og i vurdering.

Her på Stranda vgs har vi og jobba aktivt med kompetanseløftet for inkluderande praksis
og tilpassa opplæring skuleåret 2024/2025. Her er satsingsområda læringsmiljø og
læringskultur. Skuleutvikling og profesjonsutvikling er eit kontinuerleg arbeid, og dei
satsingsområda vi har arbeidd med i 2024/2025 har vi og på handlingsplanen og
tiltaksplanen for 2025/2026.



Møre og Romsdal
fylkeskommune

mrfylke.no